



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID
Att. kommunedirektøren

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Sundsbø, 71 25 84 63

Avslutning av tilsyn

Vi har gjennomført tilsyn med Hareid kommune i perioden frå 8. februar 2022 og fram til i dag. I vårt vedtak 5. juli 2022 vart de pålagde å rette brot på regelverket.

Hareid kommune sende oss ei kortfatta statusoppdatering/mellomrapportering 27. september 2022 om arbeidet med å rette opp i regelverksbrota. 15. desember 2022 sende kommunen inn ei utgreiing og erklæring om at pålegga var retta. Tilbakemeldinga kom innan fristen som vi hadde sett. Vi vurderte at vi per 15. desember ikkje hadde nok informasjon til å kunne konkludere med at alle lovbrota var retta. Vi bad derfor om vidare utgreiing frå kommunen. Dette fekk vi tilsendt 3. mars 2023. Etter dette såg Statsforvaltaren framleis behov for å få utdjupande opplysningar på nokre punkt. Vi hadde derfor eit digitalt møte med Hareid kommune 12. april 2023.

Av den samla informasjonen vi no har fått frå kommunen, ser vi at Hareid kommune er godt i gang med implementeringa av ein internkontroll for å sikre etterleving av opplæringslova kapittel 9 A. Årshjul for internkontrollen, opplæringsplan for dei tilsette i skulane i kommunen, og oversikt over møte med skulemiljø på agendaen godtgjer at internkontrollen er i ferd med å verte tilpassa slik at kommunen hindrar brot på aktivitetsplikta som skulen/kommunen har i skulemiljøsaker. Kommunen har også vist til at opplæring ute på einingane om avvikssystemet i Compilo, har gitt resultat i form av vesentleg fleire melde avvik. Dette vurderer vi som viktig i arbeidet med å avdekke risiko for regelverksbrot.

Kommunen har erklært at skulane no gjer undersøkingar og set inn tiltak mykje raskare i skulemiljøsaker enn tidlegare, og terskelen for å opprette aktivitetsplan for elevar er låg og i tråd med lovverket. Rektor fortalde i møtet med oss om ei kulturendring hjå dei tilsette ved skulen, og at kommunen no har klare strukturar og system for arbeidet med skulemiljøet. Vidare vart det sagt at heile kollegiet ved ungdomsskulen har fått eit nytt blick på aktivitetsplikta som følger av opplæringslova § 9 A-4. Skuleeigar har uttrykt at endringane av rutinar og prosedyrar for skulemiljøet og internkontrollen blir følgt opp i alle skulane i kommunen, og ikkje berre på Hareid ungdomsskule. Sjølve oppfølginga av skulemiljøsaker er noko av det skuleeigar no prioriterer å ha ekstra fokus på, fordi det er der kommunen treng å bli gode.

Basert på kommunen si utgreiing og erklæring i brev og møte med oss, legg vi til grunn at de har retta pålegga. Vi avsluttar derfor tilsynet.



Vi har lagt ved eit informasjonsskriv til elevar og foreldre som summerer opp tilsynet. Vi ber dykk formidle dette til elevar og foreldre på ein eigna måte.

Med helsing

Gro Toft Ødegård (e.f.)
fung. ass. direktør

Kristin Sundsbø
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Til elevar og føresette ved Hareid ungdomsskule